

TÅRESTEINEN

Menneska har i uminnelege tider laga gåtefulle gjenstandar. Og like lenge har dei formulert forunderlege forteljingar og myter kring desse gjenstandane. I hundrevis av år har menneska laga vakre bygningar og dekorert dei for å gjera dei endå vakrare. Kvar kjem eigentleg menneske si veldige skaparkraft frå? Kva er det som driv oss og gjev oss dette overskotet av energi til å gjera omgjevnadane vakre, og til å fortelja fantastiske historier om tida som var?

Då dei skulle byggja Kviteseid gamle kyrkje på 1100-talet, hadde dei tenkt å plassera ho ein heilt annan stad enn der ho ligg nå. Men all reiskapen på byggjeplassen var brått som sokken i jorda. Då ein gjetargut fann alt saman att ein heilt annan stad, langt borte i skogen, innsåg folk at dette var tussene sitt verk. Dermed hamna kyrkja der ho ligg i dag. Det vart lengre veg for kyrkjelyden, men det fekk ikkje hjelpa. Ein kunne ikkje setja seg opp mot tussene sin vilje. Denne steinkyrkja er lite endra sidan ho vart oppført. Her er romanske bogar og eit originalt vindaug frå mellomalderen. Over inngangspartiet er det ein uvanleg dekorasjon utskoren i tre: To dragar som tvinnar halsane om kvarandre og bit seg sjølv i vengefestet.

Kyrkja er vigd til Olav den heilage, og i eit spesielt rom i muren mest oppe ved alteret ligg ein heilt spesiell gjenstand. Det er fleire segner om den. Den vert kalla St. Olavs brød, men er mest kjent under namnet *Tårestein*.

Ein svart, glatt stein. Sidan den er oval og avrunda, liknar den på visse mørke rugbrød eg har ete i Finland. Den er grønsvar av farge, og bergarten er moglegvis serpentin.

Ei av segnene går ut på at ein vond greve i Danmark tvang si norske tenestejente til å baka brød på den høgtidsdagen som markerte dagen då Heilag Olav anda ut. Då gjekk det slik til, at alle brøda ho sette i omnen, vart til stein. Desse har seinare vorte spreidd kringom på ulike stadar. Og ein hamna altså i Kviteseid kyrkje. Steinen skal ha lækjande kraft, og det vert og fortalt at brødsteinen tidlegare vart boren rundt potetjordet eller lagd i kornåkeren for å gje større avling.

Legg ein handa varleg på den kjølege, glattpolerte steinen, kan ein kjenne at steinen «sveittar». Det kjem tårer ut av den! Ei segn om tårestein går ut på at denne er ein magisk og heilag stein frå heidenske tider. Den skal ha låge på ein kommode i prestegarden, og det skal ha skjedd at den fall ned derifrå og drap den vesle sonen til presten. Guten vart balsamert og ligg gravlagd under alteret i den gamle kyrkja, medan steinen vart fjerna frå prestegarden. Og hamna inne i muren i kyrkja.

Hans Jacob Wille nemner i sin «Beskrivelse over Sillejords Præstegjeld i Övre Tellemarken» (1786) andre steinar like i nærleiken, med liknande form, som vart rekna som heilage eller magiske: «Paa Gaarden Qvalseth i Brunkebergs Sogn vare ogsaa for ikke mange Aar siden to Stene, dannede som Surbröd, der bleve agtede saa meget höjt, at de ej allene maatte ligge i Höjsædet med ren Halm under, men de bleve endog bestandig toede i Kjernemelk, og i Jule-Höjtiden overstænkede med frisk Öl.»

Men det denne steinen minner meg mest om, er ein skulptur som vart presentert på Haustutstillinga i 1971. Ein oval svart stein med form som eit avlangt hovud. Dette var grovare tilhøgd i den enden som forma bakhovudet, og meir og meir polert framover, til den glatt polerte munnen som kyssa lufta. Denne skulpturen hadde tittelen «Av jord er du komen». Det er ikkje underleg at denne tittelen og likskapen med Tårestein er dirrande

sterk, i og med at eg denne regnfulle torsdagen har kome til Kviteseid gamle kyrkje for å gravleggja bror min, bilethoggaren Gunnar Torvund, som laga «Av jord er du komen». På same haustutstillinga stilte han ut eit lyst marmorhovud som kvilte godt i eit underleg køyreyt av tre, med hjul. Den skulpturen heitte «På flyplassen eg skal heim». Begge desse titlane frå byrjinga av hans kunstnarkarriere får ein spesiell klang nå.

For meg som hadde sett Gunnar laga forunderlege og vakre ting med hendene sine frå eg var barn, var det inga overrasking at han kunne få til slike merkverdige hovud i granitt, tre og marmor. Men for publikum på haustutstillinga var det to forbløffande kunstverk, som vitna om at ei ny skapande kraft var komen inn i norsk skulpturverden.

Han nytta alle moglege høve som barn og ungdom til å forma ting med ei særskilt sans for detaljar og for det som var litt annleis. Når det i nabohagane kunne dukka opp normale snømenn, laga av tre, fire snøballar av minkande storleik, kunne det i vår hage stå ein høgreist Apachehovding. Og når me andre ungane spikra ein liten pinne på tvers nær den eine enden av ein større pinne, og på den måten fekk eit sverd, kunne Gunnar skjera ut eit handtak til ein dolk, slik at me såg ein slange slynga seg kring skaftet, og han festa ein glitrande raud smykkestein i glas i enden på skaftet og eit sølvmåla knivblad i metall i andre enden. Han kunne snikra saloon-dører til den vesle hytta vår, slik me hadde sett det på filmar med Hopalong Cassidy på Jadarheim kino på Nærbo. Før han tok til med kunstutdanninga si ved Det Kongelige Kunstakademi i København, utdanna han seg til konditor og avla sveineprøven ved blant anna å laga ein nydeleg syrinvast i lilla marsipan.

Ein episode i våre liv, som eg tenkjer attende på med spesiell takksemd, er den gongen Gunnar som var tre år eldre enn meg, hadde byrja på skulen, og meinte at det han hadde lært, måtte eg òg kunna. Difor laga han til skulestove nede i kjellaren. Der lærte han meg alfabetet og kunsten å lesa og skriva. Han førte meg inn i det området som så mykje av mi eiga skaparkraft skulle kanalisera inn i. Sjølv skreiv han med svart skrift på den kvite kjellarveggen, under vindauget der lyset utanfrå strøymde inn: «Gud er kjærlyghet.» I eit intervju med Stavanger Aftenblad i jula 1998, vart Gunnar skildra som ein kunstnar som gjekk motstraums fordi han insisterte på «et åndelig overlys der kolleger vedtok en gudløs verden.»

Så var det òg i kyrkjerommet han kom til å setja sitt kanskje sterkaste merke. Skulpturar og altertavler han laga finst i så mange norske kyrkjer at det er laga ei eiga bok om desse. Ei utstilling på Galleri Dobloug i Oslo i 1980, vart omtala som «Et glimt inn i Guds energi». Gallerieigar Jon Dobloug skreiv i eit minneord, at kyrkjekunsten til Gunnar Torvund var «de vakreste og mest tankevekkende kirkeutsmykninger vi har». Men nokre av dei vekte òg stor motstand.

I ein del av skulpturane til Gunnar kjem eit av grunntrekka i hans menneskenatur til syne: Ein forløysande humor. Han har laga ein skulptur som heiter «Skrattande brur» der brura ler hjarteleg, og i ein skulptur er Edvard Grieg framstilt som ei dør og det er plassert ei lita ringeklokke ved sida. Heile livet skøya me og spelte practical jokes med kvarandre når det høgde seg slik. Og eg er av den klåre oppfatninga at Gunnar spelte meg ein slik joke også etter at han var død. Me tre attlevande brør, Olav, Kjell og eg, køyrde like bak bårebilen forbi dei regnvåte gravsteinane på Brunkeberg kyrkje, der gravferdsseremonien hadde vore, og ned til Kviteseid gamle kyrkjegard, der jordfestinga skulle finna stad. Dei to brørne mine,

som er meir praktiske og framtenkte, hadde både frakk og paraply, og gjekk ut or bilen for å ta på seg frakkar mot regnet. Saman med Gunnar sine barn skulle me bera båra det siste stykket til den opne grava. Me måtte venta til kolonnen med bilar hadde kome ned frå Brunkeberg, så eg sat like godt tørt inne i bilen og venta til dei siste bilane nærma seg. Då ville eg gå ut. Men bildøra rikka seg ikkje. Bilen var låst. Ingen folk å sjå gjennom dei regnstripa, tårevåte bilrutene. Alle hadde slått av mobiltelefonane sine. Eg var låst inne i ein lydtett bil, medan fem sørgjande stod ved båra og venta på den sjette beraren. Eg tykte eg kunne høyra Gunnar humra gjennom lyden av regnet på biltaket.

Inne i kyrkja rann ei tydeleg tåre nedover det glatte kinnet på steinen som er så lik skulpturen «Av jord er du komen».